

Aurland elveigarlag
v/ leiar Bjørn Vike
Tokvamsvegen 12
5745 Aurland
Org.nr. 922 716 633

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dato 14.03.2024

Høring av revisjonsdokument for regulering av Aurlandsvassdraget

Me syner til motteke revisjonsdokument for reguleringa av Aurlandsvassdraget. Løyvet og vilkåra i Aurlandsreguleringa vart gitt i 1969, og etter endring av planane vart nytt løyve gitt i 1975. Dei gode intensjonane frå St.prp. nr. 144 og nr. 161 om å tryggje Aurlandselvi som ei god lakse- og sjøareelv, har dessverre ikkje blitt resultatet. Dei som hevda at reguleringa kunne medføre betydelege ulemper for fisket utan særskilde tiltak, har dessverre fått rett. Sjå elles tidlegare brev frå elveigarlaget som beskriv dette.

Elveigarlaget har forstått St. prp. 144 og 161 slik at det også etter reguleringa skulle vere mogeleg å hausta overskot. Dei siste åra har dette ikkje vore tilfelle. Utviklinga syner seg tydeleg i vedlegg side 52 om rapportert fangst i kilo laks og sjøare i Aurlandsvassdraget frå 1969. Laksen vart freda i 1989 og har ikkje teke seg opp, tvert imot med berre 19 gytelaks i 2023. Det har vore fiska på sjøare, men svært lite fisk i elva har medført at det er teke opp lite fisk dei siste åra. Årsakene kan vere mange, noko me vil peike nærare på i seinare avsnitt.

Vassføring

Etter at avtalen av 2. mai 1973 mellom Oslo Lysverker (OL) og Aurland Elveigarlag vart godkjend av myndighetene, er utdraget av manøvreringa som følgjer:

Konsesjonæren pliktar om naudsynt å sleppe vatn, slik at avløpet frå Vassbygdevatnet ikkje går under følgjande nedre grense:

- 25 m³/s i tida frå 16. juni til 15. juli
- 30 m³/s i tida frå 16. juli til 15. august
- 28 m³/s 16. august
- 26 m³/s 17. august
- 25 m³/s i tida frå 18. august til 25. august
- 23 m³/s 26. august
- 21 m³/s 27. august
- 20 m³/s i tida frå 28. august til 5. september
- Frå 6. september fram til 13. september redusere minstevassføringa med 2 m³/s pr. døgn
- Minstevassføringa blir halde konstant på 3 m³/s frå 15. september til 1. mai.

OL skal i særleg dårlege vassår kunne fråvike minstevassføringa nemnt under pkt. 1c, d, e og f, slik at avtrappinga kan starte med 2 m³/s pr. døgn frå 30 m³/s den 15. august til 3 m³/s 29. august. Dette skal berre nyttast slik at dette inntreff maksimalt to gonger, sett over siste 20 års periode.

Vassføringar som i tida 6. september til 30. april er større enn minstevassføringa, blir utnytta i Vangen kraftverk. Det føreset at Vangen kraftverk er i drift i perioden frå 6. september til 30. april. I

den tida Vangen kraftverk har innstilt sin produksjon frå 1. mai til 5. september vil alt vatn frå uregulert felt kome vassføringa til gode. Dersom avløpet frå Vassbygdevatnet innan 15. mai ikkje har kome opp i 15 m³/s i døgnmiddel, og i fire påfølgjande døgn ikkje har halde slik vassføring at smolt og overvintra fisk kan vandre ut, er partane samde om forskyving av tilstrekkeleg tilskot av vatn mot kompensasjon for OL i tida 16. -30. juni ved tilsvarende reduksjon av minstevassføringa på 25 m³/s.

Den inngåtte avtalen mellom Oslo Lysverker og Aurland Elveigarlag med forlenga vasslepp, har vore ein positiv del av utbygginga i 50 år. Det har vist seg over tid at fisken har kome seinare opp i vassdraget om hausten, og at smoltutvandringa skjer seinare enn tidlegare.

Forslag:

Elveigarlaget foreslår at inngått avtale vert forlenga, og at nye vilkår vert inkludert med følgjande justering: Frå 16. august til 31. august skal minstevassføringa vere 30 m³/s. Det er viktig at vasstanden er høg i juni, juli og august for at utøvinga av fisket ikkje blir redusert og at laksen kan gå opp tidlegare enn sjøauren. Frå 1. september til 30. september avtrappast vasstanden gradvis ned til 3 m³/s. Minstevassføringa blir halde konstant på 3 m³/s frå 1. oktober til 1. mai. Nedbørsmengda har auka betydeleg desse 50 åra, og det er forventa meir nedbør i åra som kjem. Det er ikkje urimeleg at vassdraga får sin del av denne auka nedbørsmengda. Avtalen må kunne takast opp til vurdering etter 10 år.

Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk foreslo allereie 14. juni 1974 følgjande: Reduksjon av vassføringa om hausten frå 6. til 13. september (20 m³/s til 3 m³/s) er etter Direktoratets oppfatning for rask, og bør føretakast i to periodar slik:

- Frå 6. til 10. september: Minstevassføringa reduserast frå 20 m³/s til 10 m³/s med 2 m³/s pr. døgn
- Frå 11. september til 1. november avtrappast vassføringa jamnt til 3 m³/s. Elveigarlaget har foreslått ein noko tidlegare avslutning enn 1. november og håpar dette kan godkjennast.

Luke ut av Vassbygdevatnet:

Det har vore frivillig praksis å legge ned luke ut frå Vassbygdevatnet noko før 1. mai. Dette har vore vellykka, og me foreslår at konsesjonæren pliktar å legge ned luka 15. april. Me ber og om at det vurderast fjerning eller ombygging av luka. Den er av eldre dato, og i dag finst det langt fleire løysingar på slike luker. Fisketrapp på osen må video overvakast opp- og nedstraums.

Norge har dokumentert at vassdraget framleis har ål. I tidlegare tider var det eit betydeleg innslag av ål. Den oppheld seg i Vassbygdevatnet saman med andre artar som stingsild og vandrar ut for gyting. Å fjerne eller bygge om luka vil kunne tilbakeføre osen til eit attraktivt gyteområde, og sikre lettare tilgang til Vassbygdevatnet for ålen.

Vasstemperatur i Aurlandselvi:

Viddalsmagasinet er inntaksmagasinet til kraftstasjonen Aurland 1. Vassmagasinet er ei oppdemming av tre vatn. Vasstanden kan regulerast opp og ned 62 m. Viddalsmagasinet får tilsig av eige lokale felt. Det får og kraftverksvatn inn frå Aurland 2 og 5 nær inntaket til Aurland 1 som ligg i botn. Vatn som blir teke ut i botn av slike store magasin har varmare vatn om vinteren og kaldare vatn om sommaren. Dette er omvendt i uregulerte vassdrag. Dette er det store problemet i Aurlandsvassdraget. Sjå temperaturar i figurane på side 15 i NINA-rapport 2313. Tidlegare berekningar tyder på at låge temperaturar som følgje av vassdragsreguleringa har bidrege til 15-20 % redusert rekruttering av aure i Aurlandsvassdraget. Års-yngel av aure og laks har i dei aller fleste år mindre storleik i Aurlandselvi enn i Vassbygdelvi som følgje av at temperaturen om sommaren er

høgare i Vassbygdeldvi. Sjå side 4 NINA-rapport 2313. Dette tilseier at låge sommartemperaturar er ein flaskehals for rekruttering av laks og sjøaure, spesielt i kalde år.

Forslag:

Topptapping av Viddalsmagasinet må utgreiast på ein meir omfattande måte enn det som er gjort tidlegare. Det er utvikla nye og enklare metodar for topptapping, og ei rekkje vassdrag har ved topptapping fått betre forhold for ungfisk i vassdraga. Topp- og botntapping gir og fleksible tappemoglegheiter for regulanten. Ei anna løysing kan vere at ein slepp 3 m³/s i Vassbygdeldvi heile året, slepp dette vidare til Aurlandselvi, og på den måten dekkar minstevassføringa. Dersom dette fører til at Aurlandselvi frys til om vinteren og hindrar oter og fuglar å ete fisk frå ei open elv, vil dette sjølvsagt vere bra. Sommarvassføringa kan ein ikkje gjere så mykje med før ein eventuelt får på plass topptapping. Sjå figur 4.4.2 side 42 i NINA-rapport 2313. Tetttheita går gradvis ned frå 0+ til 2+ og truleg også 3+. Åra 2013 til 2020 hadde ein særdeles stor nedgang. Kva dette skuldast, må avklarast nærare. Ei lita open elv om vinteren er som eit matfat for oter og fuglar.

I 2006 vart det gjennomført video-overvaking av fiskevandring inn og ut av Aurlandsvassdraget. Det var i forkant estimert at det skulle vandre ut 25 000 auresmolt og tilsvarande med laksesmolt. Video viste 4000.

Forslag:

Det må gjennomførast ei ny teljing av utvandrande smolt, også med tanke på å vite når fisken kjem tilbake. Det kan skje mykje på 50 år, og vassføringa må tilpassast vandringsmønsteret. Det er viktig å vite kor mykje fisk vassdraget produserer.

Flaum, lokkevatt Aurlandselvi og Vassbygdeldvi:

I tida 1. april til 1. oktober må det kunne sleppast inntil 5 flaumslepp à 60 m³/s i samanhengande flaumar à 2 døgn ved utløpet av Vassbygdevatnet. Sleppa i Vassbygdeldvi ca. 30 m³/s. 3 av sleppa i Aurlandselvi og 2 av sleppa i Vassbygdeldvi. Desse kan koordinerast, og når vassføringa i Vassbygdeldvi er stor, kan dette takast inn som ein del av sleppet. Senke/heve luka må leggjast ned ved sleppa. Sleppa disponerast av elveigarlaget i samarbeid med regulanten.

Vassbygdeldvi og Løelvi (Midjeelvi):

Med Vassbygdeldvi meiner me strekninga frå Vassbygdevatnet og opp til Almagjelet, i tillegg ca. 500 meter opp i Stondalselvi. Dette er ei elvestrekning som tidlegare hadde stor betydning, og som dessverre vart gløymt i samband med reguleringa og då utan minstevassføring. Den store fiskedøden på 90-talet, grunna ei tørrlagd elv i vinterhalvåret, viste kor mykje fisk som gjekk opp i Vassbygdeldvi og kor viktig denne elvestrekninga var som gyte- og oppvekstområde. Sjå eige videoopptak ved Jens Turlid. Seinare teljingar av fisk viser det same. Etter kontakt med statssekretær og departementet kom det på plass ein frivillig avtale med regulanten om slepp av naudsynt vintervattn for å unngå fiskedød. Regulanten har etter dette sloppe vatn, noko elveigarlaget er glad for.

Forslag:

I samarbeid med Norce må ein utgreie moglegheiter for overlevingskulpar i Løelvi. Etter 2019 har det blitt utarbeida ei utgreiing om vassføring i Vassbygdeldvi (Plug m.fl. 2020). Rapporten gjev eit forhold mellom vassdekka areal, habitatforhold og vassføring og sannsynleggjer at minstevassføringar opptil 2 m³/s vil vere gunstig for fiskeproduksjonen. Vekstforholda og temperaturen er betre i Vassbygdeldvi enn Aurlandselvi. Restarealet i Aurlandsdalen er ca. 160 km³, og i tillegg til minstevassføringa vil dette kunne skape eit område med naturvatn av høg kvalitet og teneleg temperatur.

Elveigarlaget ser på Vassbygdeldvi som det mest sentrale i denne vilkårsrevisjonen. Ei minstevassføring på 2 m³/s er eit minimum. Ulike forskarmiljø er av same meining. Det bør etablerast målestasjon ved Bjelde bru. Auka nedbørsmengder må vise att i vassdraga våre. For

regulanten vil denne minstevassføringa utgjere ca. 0,5 % av den totale kraftproduksjonen. Aurlandsvassdraget er vedteke i reguleringskategori 1,1 noko som gir adgang til at kraftproduksjonen kan reduserast. Elveosen ved Vassbygdevatnet og Sitjandefossen må utbetrast slik at fisken kan vandre opp på alle vasstandar, og ikkje slik som i dag berre på spesielt høg vasstand. Sideløpet Tivesja må restaurerast mot hovudelva, og mogelege nye sideløp må etablerast.

Fiskesperre til Vangen kraftverk må video overvakast og vere på plass heile året, og elveigarlaget ynskjer tilgang til dette. Det er gledeleg at denne sperra er på plass. Det er ikkje tvil om at store mengder fisk og ål har gått tapt grunna mangelfull sperre. Harving og utlegging av gytegrus må gjennomførast etter behov. Drift av klekkeriet må vidareførast. Regulanten bør påleggast måling av vasskvalitet og oksygeninnhald for å sjå til at det inneheld naturlege næringsstoff.

Loven kraftverk

Me kan ikkje sjå at Loven kraftverk har nokon plass i denne revisjonen, og det må handsamast som ei eiga sak med dei utgreiingane som er nødvendige.

Aurland Elveigarlag
v/ leiar Bjørn Vike

Brevet er elektronisk godkjent og utan underskrift.